

Materiale til  
Bøneveka for kristen einskap  
og for heile året

2016

**Kalla til å forkynna**  
**Herrens storverk**  
(sjå 1 Pet 2,9)

*Lagt til rette og utgjeve i fellesskap av*  
Det pavelege rådet til fremje av kristen einskap og  
Kommisjonen for tru og kyrkjeordning under Verdskyrkjerådet

**Kommisjonen for tru og kyrkjeordning  
Verdskyrkjerådet**

Faith and Order  
World Council of Churches  
P.O.Box 2100  
CH – 1211 Geneva 2  
Switzerland  
*infowcc@wcc-coe.org*  
*www.oikoumene.org*

**Det pavelege rådet  
til fremje av kristen einskap**

Pontifical Council for  
Promoting Christian Unity  
VA – 00120 Cité du Vatican  
*office@christianunity.va*  
*www.vatican.va*

# INNHALD

---

Til dykk som legg til rette Bøneveka for kristen einskap	4
Bibeltekst	5
Presentasjon av tema for året 2016	5
Førebuinga av materialet til Bøneveka 2016	9
Økumenisk bønegudsteneste	10
(NN) Innleiing om den økumeniske gudstenesta	10
(NN) Ordning for den økumeniske gudstenesta	11
(BM) Innledning om den økumeniske gudstjenesten	17
(BM) Ordning for den økumeniske gudstjenesten	18
Andakter og bønner for ”dei åtte dagane”	22
Den økumeniske stoda i Latvia	33
Tema for Bøneveka 1968 - 2016	37
Viktige hendingar i historia til Bøneveka for kristen einskap	42

*Heile materialet til Bøneveka er dette året omsett til nynorsk.  
Ordninga for økumenisk gudsteneste er og omsett til bokmål.  
Norsk omsetting: Anfinn Andreas Kolberg.  
Skriftsitata er henta frå omsettinga til Det norske Bibelselskapet 2011*

# TIL DYKK SOM LEGG TIL RETTE BØNEVEKA FOR KRISTEN EINSKAP

---

## ***Arbeidet for einskap - gjennom heile året***

Bøneveka for kristen einskap har etter tradisjonen vore halde 18.-25. januar på den nordlege halvkula. Desse dagane blei foreslått av Paul Wattson i 1908 fordi dei ligg i tida mellom festane for apostlane Peter og Paulus. Dermed får dei ei symbolsk tyding. Men på den sørlege halvkula er januar feriemånad, og kyrkjene der finn derfor andre tider til Bøneveka, til dømes kring pinse, slik det vart foreslått av Tru og kyrkjeordningsrørsla i 1926. Pinse er jo og ei symbolmetta tid for kristen einskap. Men arbeidet for kristen einskap er ikkje avgrensa til ei veke kvart år. Vi oppmodar dykk derfor til ikkje berre å vera fleksible med omsyn til dato, men og til å sjå det materialet vi presenterer her som ei innbyding til å finna høve gjennom heile året til å markera den fellesskapen som kyrkjene alt er kome fram til, og til å be saman for den fulle einskapen etter Kristi vilje.

## ***Tilpassing av teksta***

Dette materialet legg vi fram i full forståing for at de, når det er mogleg, kan tilpassa det til bruk på lokalt nivå. Då må det i tilfelle takast omsyn både til lokale tradisjonar for gudsteneste og liturgisk praksis og til heile den sosiale og kulturelle samanhengen de står i. Normalt bør ei slik lokal tilpassing skje i ei økumenisk ramme. Nokre stader finst det alt økumeniske organ som naturleg tar ansvar for å leggja materialet til rette. Andre stader vonar vi at trongen for tilpassing kan skapa grobotn for å danna slike organ.

## ***Bruk av materialet for Bøneveka***

- Kyrkjer og forsamlingar, som saman markerer Bøneveka gjennom ei einskild felles gudsteneste, kan nytta ordninga for økumenisk gudsteneste i materialet.
- Kyrkjer og forsamlingar kan og gjerne innarbeida materialet frå Bøneveka i sine eigne gudstenester. Då kan ein nytta bønner frå den økumeniske gudstenesta, frå ”dei åtte dagane”, eller frå utvalet av tilleggsmateriale slik det høver i eigne samanhengar.
- Forsamlingar som markerer Bøneveka med gudstenester kvar dag gjennom heile veka, kan nytta materialet frå ”dei åtte dagane” til desse gudstenestene.
- Dei som vil gjera bibelstudium over temaet for Bøneveka, kan nytta bibeltekstane og andaktane frå ”dei åtte dagane” som utgangspunkt. Samtalane kan munna ut i bøn.
- Dei som ønskjer å be åleine, kan finna hjelp i materialet til å konkretisera bøna. Slik kan dei kjenna at dei bed saman med kristne frå heile verda om at einskapen i Kristi kyrkje må verta synleg.

# BIBELTEKST 2016

1 Peter 2,9-10

NN

Men de er ei utvald ætt, eit kongeleg presteskap, eit heilagt folk, eit folk som Gud har vunne så de skal forkynna hans storverk, han som kalla dykk frå mørkret og inn i sitt underfulle lys. De som før ikkje var eit folk, er no Guds folk. De som før ikkje fann miskunn, har no funne miskunn.

BM

Men dere er en utvalgt slekt, et kongelig presteskap, et hellig folk, et folk som Gud har vunnet for at dere skal forkynne hans storverk, han som kalte dere fra mørket og inn i sitt underfulle lys. Dere som før ikke var et folk, er nå Guds folk. Dere som før ikke fant barmhjertighet, har nå funnet barmhjertighet.

## PRESENTASJON AV TEMAET FOR BØNEVEKA 2016

---

### Kalla til å forkynna Herrens storverk

(sjå 1 Pet 2,9)

#### Bakgrunn

Den eldste døypefonten i Latvia er frå tida då St. Meinhard forkynte evangeliet i Latvia. Døypefonten stod frå først av i kyrkja hans, katedralen i Ilšķīle. I dag har han plassen sin midt i den lutherske katedralen i hovudstaden Riga. Det at fonten er plassert so nær den vakkert utskorne preikestolen, talar klårt om samanhengen mellom dåp og forkynning og om kallet alle døypte har fått til å forkynna Herrens storverk. Det er dette kallet som er temaet for Bøneveka for kristen einskap i 2016. Inspirert av dei to versa i Peters første brev har kristne i Latvia frå ulike kyrkjesamfunn utarbeidd materialet for Bøneveka 2016.



Arkeologisk materiale tyder på at kristendomen først kom med bysantinske misjonærer til austre Latvia på 900-talet. Likevel reknar dei fleste fagfolka med at røtene for kristendomen i Latvia går attende til 11- 1200 talet og misjonsverksemda til St. Meinhard og seinare andre tyske misjonærer. Hovudstaden Riga var ein av dei første byane som tok til seg Luthers idear på 1500-talet. På 1700-talet verka bøhmiske misjonærer frå Brødrødsforsamlinga i Herrnhut til vekking og fornying av kristentrua rundt om i landet. Etterkomarane deira spela ei sentral rolle med å leggje grunnlaget for nasjonalt sjølvstende i 1918.

Fortida har med sine ulike tidsskilje, prega av konflikt og lidning, hatt mykje å seia for dagens kyrkjeliv i Latvia. Det er eit sørgjeleg faktum at maktbruken hos nokre tidlege misjonærer og korsfararar var ei misforståing av hovudinnhaldet i evangeliet. Gjennom hundreåra har landområda som i dag er Latvia, vore kampplass for religiøs og politisk strid mellom ulike nasjonale og konfesjonelle krefter. Endring i politisk dominans i ulike delar av landet vart gjerne også følgt av endringar i folks tilknytning til den kristne trua. I dagens Latvia møtest områda til romerske katolikkar, protestantar og ortodokse som i eit vegkryss. På grunn av plasseringa er landet blitt ein heimplass for kristne av mange ulike tradisjonar, og ingen av dei er den dominerande.

Latvia eksisterte først som eigen stat frå 1918 til 1940, i tida etter første verdskrigen og fallet til det russiske og det tyske keisardømet. Den andre verdskrigen og tiåra som følgde med totalitære antikristelege ideologiar i ateistisk nazisme og kommunisme, herja landet og folket i Latvia heilt fram til samanbrotet i Sovjetunionen i 1991. Gjennom desse åra heldt dei kristne saman i vitnemål om evangeliet, også når det førte til martyrium. Dei kristne oppdaga at gjennom trua på Jesus Kristus hadde dei, sjølv om det førte til tortur, landsforvising og død, del i det kongelege presteskapet som Peter skriv om. Fellesskapen i lidning skapte ei djup samkjensle mellom dei kristne i Latvia, og i den oppdaga dei presteskapet dei hadde fått del i gjennom dåpen. Slik vart dei i stand til å sjå lidinga i samband med Jesu lidning til det beste for andre. Biskop Sloskans museum (Sloskans sat åtte år i sovjetiske fangeleirar) er eit uttrykk for denne felles røynsla. I dette museet er det ein vegg med fire lister over martyrar og forfølgde kristne som høyrde til den ortodokse kyrkja, den lutherske kyrkja, baptistkyrkja og den romersk katolske kyrkja.

Opplevinga av å be og syngja saman – mellom anna nasjonalsongen «Gud signe Latvia» – var heilt avgjerande for at Latvia fekk att sjølvstendet i 1991. Glødande bønner om fridom vart bore fram i mange kyrkjer i Riga. Uvæpna

innbyggjarar bad og sang saman og bygde barrikadar i gatene i Riga. Dei sto skulder ved skulder i trass mot sovjetiske tanks.

Men det totalitære mørkret i det 20. hundreåret gjorde mange menneske framande til sanninga om Gud vår Far, hans sjølvopenberring i Jesus Kristus og den livgjevande krafta frå Den heilage ande. Men no kan vi, fulle av takksemnd, sjå at tida etter Sovjet har vore ei tid med fornying for kyrkjene. Mange kristne kjem saman til bøn i små grupper og til økumeniske gudstenester. Medvitne om at lyset og nåden frå Kristus ikkje har trengt inn i og omforma alle menneske i Latvia, vil dei arbeida og be saman om at dei historiske, folkelege og ideologiske sår som framleis skjemmer det latviske samfunnet, må bli lægt.

## **Kalla til å vera Guds folk**

Apostelen Peter minner den tidlege kyrkja om at i tida før dei møtte evangeliet, var dei i sin lengt etter meining ikkje eit folk. Men gjennom å høyra kallet til å verta Guds utvalde folk og ta imot krafta frå Guds frelse i Jesus Kristus, har dei vorte Guds folk. Dette er ein røyndom som er uttrykt i dåpen, som alle kristne har saman. I dåpen er vi fødte på ny av vatn og heilag ande (sjå Joh 3,5) I dåpen døydde vi bort frå synda for at vi skulle verta reiste opp med Kristus til eit nytt liv i Guds nåde. Det er ei stendig utfordring å vera merksam på denne nye identiteten vi har fått i Kristus

*Korleis forstår vi kallet vi har fått om å vera «Guds folk»?*

*Korleis kan vi syna identiteten vi fekk i dåpen til å vera eit «kongeleg presteskap»?*

## **Høyra om Guds storverk**

Dåpen opnar for ei spanande reise i trua. For dåpen knyter kvar ny kristen saman med Guds folk til alle tider. Guds ord, skriftene, som kristne i alle tradisjonar bed, granskar og lever seg inn i, er grunnlaget for ein ekte, om enn ufullstendig, einskap. I dei heilage tekstene vi har saman i Bibelen, høyrer vi om korleis Gud i frelseshistoria handlar for å frelsa menneske. Han førde folket sitt ut av trelldommen i Egypt. Og vi høyrer om *storverket* då Gud reiste Jesus opp frå dei døde og opna det nye livet for oss alle. Å lesa Bibelen med bøn, leier kristne til å kjenna Guds storverk i sitt eige liv.

*På kva vis kan vi sjå og svara på Guds «storverk»: i gudsteneste og*

*song, i arbeid for rettferd og fred?*

*Korleis kan vi halda fram skriftene som eit levande ord som kallar oss til større einskap og teneste?*

## **Tilsvar og teneste**

Gud har utvalt oss, men ikkje fordi vi fortente det. Gud har gjort oss heilage, men ikkje på det viset at kristne er meir moralske enn andre. Gud har utvalt oss for at vi skal fylla ei oppgåve. Vi er heilage berre i den grad vi med truskap tek del i oppgåva Gud har gjeve oss, og det er at vi alltid ber med oss Guds kjærleik til alle menneske. Å vera eit folk av prestar tyder å vera i teneste for verda. Kristne lever i kallet som dåpen gjev og ber fram vitnemål om Guds *storverk* på mange vis:

*Lækja sår:* Krig, konflikhtar og misbruk har såra og skadd kjensler og relasjonar for folk i Latvia og mange andre stader. Guds nåde hjelper oss til å be om forlating for slikt som er til hinder for forsoning og lækjedom. Når vi tek imot Guds miskunn, kan vi og veksa i heilagdom.

*Leita etter sanning og einskap:* Medvit om at vi har ein felles identitet i Kristus, kallar oss til å leita fram svar på spørsmåla som framleis skil oss kristne. Lik disiplane på vegen til Emmaus er vi kalla til å dela røymsler med kvarandre. Så vil vi på pilegrimsvandringa saman oppdaga at Jesus Kristus er midt iblant oss.

*Eit engasjement for menneskeverdet:* Kristne, som er kalla ut av mørkret og inn i det *underfulle* lyset i Guds rike, kjenner att det heilt ekstraordinære verdet i alt menneskeleg liv. Gjennom felles prosjekt på sosiale og medmenneskelege område kan vi nå ut med Guds kjærleik til fattige og trengande, misbrukarar og utstøytte.

*Når vi tenkjer på engasjementet vårt for kristen einskap, kva skulle vi då be om forlating for?*

*På kva vis kan vi som kjenner Guds miskunn, gå inn i sosiale og medmenneskelege prosjekt saman med andre kristne?*

## **Om resten av materialet**

Den økumeniske gudstenesta nyttar ein bibel, eit tent lys og salt som synlege



teikn på Guds storverk. Som døypte kristne er vi kalla til å forkynna Guds storverk for verda, Både salt og lys er bilete som Jesus nyttar i Bergpreika (sjå Matt 5,13-16). Med dei teiknar han vår kristne identitet: *De er saltet ... De er lyset*. Og han teiknar tenesta vår: *saltet på jorda ... lyset i verda...*

Salt og lys er bilete på det som kristne har å gje til andre menneske. Vi tek imot eit ord frå Gud som set smak på livet, som titt kan kjennast grått og tomt. Og vi tek imot eit nådens ord som leier og hjelper folk til å sjå og forstå seg sjølv og verda dei lever i.

Representantar frå ei rekkje økumeniske prosjekt i Latvia vart spurte om å gje ein respons på temaet som er valt for bønveka sett i lys av deira arbeid. Svara deira ligg i botnen av materialet for dei åtte dagane i bønveka.

## FØREBUINGA AV MATERIALET TIL BØNEVEKA FOR KRISTEN EINSKAP 2016

---

Forarbeidet til temaet og materialet for Bønveka dette året er gjort av ei gruppe med representantar frå ulike delar av Latvia. Gruppa kom saman etter innbyding frå den romersk-katolske erkebiskopen i Riga, Zbignevs Stankevičs.

Særleg vil vi takka:

Anda Done (Lutherske kyrkje)

Levi Ivars Graudins (Latvias Bønhus for alle folk)

Zanna Hermane (Vertikale Television, Kristne program for søndag morgon)

Nils Jansons (Fellesskapet Chemin Neuf)

Rita Refalo (nonne frå Pro Sanctitate-bevegelsen)

Velta Skolmeistere (Det katolske ungdomssenteret i Riga erkebispedømme)

Gunta Ziemele (Det katolske ungdomssenteret i Riga erkebispedømme)

Tekstene frå førebuingssgruppa blei gjort ferdige under møtet i den internasjonale komiteen som er oppnemnt av Kommisjonen for tru og kyrkjeordning i Verdskyrkjerådet og Det pavelege rådet til fremje av kristen einskap. Deltakarane i komiteen var saman med representantane frå dei latviske kyrkjene i september 2014 på Det romersk-katolske

seminaret i Riga. Komiteen rettar ein hjarteleg takk til Pauls Kļaviņš for gjestfri mottaking og organisering av møtet. Særskilt vil dei og takka Aivars Līcis og Kārlis Miķelsons som la til rette arbeid og vitjingar. Deltakarane vart følgt og vist omkring ved eit besøk på St Meinhard-øya i Daugava-elva nær Ikšķile med ruinen av den første domkyrkja som blei innvigd i 1186, eit besøk i den lutherske og den katolske katedralen i Riga, og til St Saviour's anglikanske kyrkje i Gamle Riga. Desse vitjingane viste seg å vera sær s viktige for klargjøringa av teksta.

## ØKUMENISK GUDSTENESTE

---

### Om gudstenesta

Den latviske gruppa rår til at representantar frå ulike kyrkjer kjem inn og ber med seg ein Bibel, eit tent lys (som kan vera eit påskelys/dåpslys) og ei bolle med salt. Dei rår og til at kvart av desse symbola kjem frå ulike forsamlingar. Bibelen vert plassert på ein lesepult for lesingane, saltet og lyset kan ein som symbol på Guds ord, setja anten ved lesepulten, eller som teikn på kallet til å leva i dåpen, ved døypefonten.

Ei korg med små lys kan ein setja slik at deltakarane etter preika kan tenne lys frå flammen i lyset som vart bore inn då gudstenesta byrja.

Sjølv om dei ikkje har gjeve forslag om salmar, rår den latviske gruppa til at ein syng trinitariske salmar. Dei rår og til å syngja *Kyrie eleison* og *Kriste eleison*. I orddelen er det sett inn korte svar frå forsamlinga. Innleiinga til lesingane nyttar omgrepet «kjærleikseksplasjon». Dette omgrepet kjem frå grunnleggjaren av Pro Sanctitate-rørsla, Guglielmo Giaquinta. Denne rørsla er aktiv i Latvia, og medlemer der har gjeve tilskot til førebuinga av denne gudstenesta.

Etter gudstenesta:

Eit latvisk teikn på gjestfridom er brød, særskilt mørkt brød. Når folk flyttar inn i ein ny heim, kjem gjerne vener og gjev eit brød med salt strødd i form av ein kross på toppen. Dette er eit teikn på velsigning. Den latviske gruppa ser gjerne at kristne i heile verda tek etter dette teiknet på gjestfridom under samveret etter gudstenesta.

# ORDNING FOR ØKUMENISK BØNEGUDSTENESTE

---

Nynorsk

L: *Leiar(ar)*  
F: *Forsamling*

## I. SAMLING

### Prosesjonssalme

*Dei som leiar gudstenesta kjem inn og kan bera med seg ein Bibel, eit lys og ei bolle med salt.*

### Ord til inngang

**L:** Kjære vener i Kristus! Når vi no kjem saman til gudsteneste med bøn for einskap, takkar vi Gud for at vi får vera del av folket hans, og at også vi har fått kallet apostelen Peter skriv om: «*De er ei utvald ætt, eit kongeleg presteskap, eit heilagt folk, eit folk som Gud har vunne så de skal forkynna hans storverk, han som kalla dykk frå mørkret og inn i sitt underfulle lys.*» Dette året bed vi saman med kristne frå Latvia. Dei har laga denne gudstenesta med von om at vi kan veksa i samkjensle med vår Herre Jesus Kristus og med alle søstrer og brør som lengtar etter samhald og einskap (sjå 1 Pet 2,9)

## II. BØN OM DEN HEILAGE ANDE

L: Heilage Ande, du gåva frå Far gjennom Sonen Jesus Kristus, kom og ver i oss, opna hjartet vårt og hjelp oss å lya til di røyst.

**F: Kom til oss, Heilage Ande.**

L: Heilage Ande, du guddommelege kjærleik, kjelda til einskap og heilagdom, vis oss Fars kjærleik.

**F: Kom til oss, Heilage Ande.**

L: Heilage Ande, du eld av kjærleik, reins oss og ta bort all splitting i hjarta våre, i kyrkjene våre og i verda. Gjer oss til eitt i Jesu namn.

**F: Kom til oss, Heilage Ande.**

L: Heilage Ande, styrk oss i trua på Jesus, han som i sanning er Gud og menneske, som bar synda av splittinga mellom oss opp på krossen, og som tok oss inn i samfunn med seg då han stod opp frå dei døde.

**F: Kom til oss, Heilage Ande.**

L: Far, Son og Heilag Ande, bli i oss så vi kan verta sameina i kjærleik og heilagdom. Gjer oss til eitt i deg, du som lever og råder i all æva.

**F: Amen**

## Ein lovsong

### III BØN OM FORSONING

L: Gud kallar oss til forsoning og heilagdom. Lat oss venda oss til Han med tankar, hjarte og kropp for å ta imot forsoninga og nåden på vegen til heilagdom.

#### *Stille*

L: Herre, du skapte oss i ditt eige bilete. Tilgje oss når vi ikkje tek naturen og verda som du gav oss på alvor. *Kyrie eleison.*

**F: Kyrie eleison.**

L: Jesus, du kallar oss til å verta fullkomne slik vår himmelske Far er fullkommen. Tilgje oss når vi mislukkast i å vera heilage og heilstøypte, og når vi ikkje respekterer menneskerettar og menneskeverd. *Kriste eleison.*

**F: Kriste eleison.**

L: Gud, du som er Herre over liv og fred og rettferd, tilgje oss når kulturen vår er prega av død, krig og urett, og vi ikkje rår med å byggja ein sivilisasjon full av kjærleik. *Kyrie eleison.*

**F: Kyrie eleison.**

L: Gode Gud, fyll oss med din nåde og gjer oss heilage. Gjer oss til apostlar for kjærleik der vi ferdast. Det bed vi deg om ved Jesus Kristus, vår Herre.

**F: Amen.**

#### IV. FORKYNNING AV GUDS ORD

T: Guds ord som vi skal høyra, er ein eksplosjon av kjærleik i livet vårt.  
Høyr, og du skal leva.

**F: Gud vere lova!**

**T: *Jesaja 55,1-3***

T: Høyr, og du skal leva.

**F: Gud vere lova!**

#### ***Salme 145,8-9, 15-16, 17-18***

T: Eg vil velsigna namnet ditt til evig tid.

**F: Eg vil velsigna namnet ditt til evig tid.**

T: Herren er nådig og mild  
sein til vreide og rik på miskunn  
Herren er god mot alle  
mild mot alt han har skapt

**F: Eg vil velsigna namnet ditt til evig tid.**

T: Alle auge ventar på deg,  
og du gjev dei mat i rett tid.  
Du opnar di hand  
og mettar alt levande med det gode

**F: Eg vil velsigna namnet ditt til evig tid.**

T: Herren er rettferdig på alle sine vegar,  
trufast i alt han gjer.  
Herren er nær alle som kallar på han,  
alle som kallar på han i sanning.

**F: Eg vil velsigna namnet ditt til evig tid.**

**T: *1 Peter 2,9-10***

T: Høyr, og du skal leva.

**F: Gud vere lova!**

**T:     *Matteus 5,1-16***

T:     Høyr, og du skal leva.

F:     **Gud vere lova!**

## **Preike**

### V.     Å VERA SALT OG LYS

*Den som leiar, gjev forsamlinga den følgjande oppmodinga:*

L     Saman har vi høyrte orda frå Bibelen, boka som vi høgaktar,  
og saman har vi fått næring frå ordet.  
No vil vi bera det heilage ordet med oss ut i verda,  
for vi er saman om oppgåva  
med å vera salt på jorda og lys i verda  
og å forkynna Herrens storverk.

Som eit teikn på den tenesta vi er saman om, kan no dei som ønskjer  
det, koma fram og smaka ein klype salt og tenna eit lite lys frå den store  
flammen. Det er fint om de som gjer dette, let lyset brenna heilt til  
slutten på gudstenesta.

### VI.    BØNER MED VON

L:     Lat oss som Guds barn, medvitne om vår høge stand og om tenesta som  
ligg framfor oss, no bera fram våre bønner og stadfesta at vi er Guds  
heilage folk.

*Stille*

L:     Kjære Far, vi bed deg forvandla hjarta våre, familieane våre, kyrkjelyden  
og samfunnet.

F:     **Gjer heile folket ditt heilagt og sameint i Kristus.**

L: Kristus, du livsens vatn, still torsten som finst i samfunnet vårt, torsten etter å verta verdsett, torsten etter kjærleik og samkjensle og etter å verta heilage.

**F: Gjer heile folket ditt heilagt og sameint i Kristus.**

L: Heilage Ande, du som gjev glede og fred, vi bed deg lækja splittinga som kjem frå misbruk av makt og pengar. Skap forsoning blant oss på tvers av kulturar og språk. Gjer oss til eitt som Guds barn.

**F: Gjer heile folket ditt heilagt og sameint i Kristus.**

L: Treeinige Gud, leid oss for din kjærleiks skuld ut av mørkret og inn i ditt strålande lys.

**F: Gjer heile folket ditt heilagt og sameint i Kristus.**

L: Herre Jesus Kristus, vi vart gjort til eitt med deg i dåpen, og difor sameiner vi bønene våre med dine gjennom orda du lærte oss:

**F: Vår Far... / Fader vår ... Ein nyttar den versjonen av bønå og det språket ein er van med.**

## VII. GUDS FRED

L: Jesus seier:  
De er saltet på jorda.  
De er lyset i verda.  
Lat lyset dykkar skina for folk  
så dei kan sjå dei gode gjerningane dykkar  
og prisa Far dykkar i himmelen.  
Ver salt på jorda.  
Ver lys i verda.

Herrens fred vere alltid med dykk

**F: Og også med deg.**

L: Lat oss gje kvarandre eit teikn på fred.

*Her kan de venda dykk til dei som er omkring dykk kyrkja og med eit handtrykk el. l. seia «Guds fred».*

## VIII. VELSIGNING OG UTSENDING

L: Sæle er dei som er fattige i ånda.  
Sæle er dei som sørgjer.  
Sæle er dei audmjuke.  
Sæle er dei hungrar og tørstar etter rettferda.  
Sæle er dei miskunnsame.  
Sæle er dei reine i hjartet.  
Sæle er dei som skapar fred.  
Sæle er dei som blir forfølgde.  
Sæle er de ved Gud -- Far, Son og Heilag ande.

**F: Amen.**

L: Gå i fred med Kristus.

**F: Amen.**



# ØKUMENISK GUDSTJENESTE

## Bokmål

---

### Om gudstjenesten

Den latviske gruppen foreslår at representanter fra de forskjellige kirkene kommer inn og bærer med seg en Bibel, et tent lys (som kan være et påskelys/dåpslys) og en bolle med salt. De foreslår også at hvert av disse symbolene kommer fra forskjellige menigheter. Bibelen blir plassert på en lesepult for lesningene, saltet og lyset kan en som symbol på Guds ord, sette enten ved lesepulten, eller som tegn på kallet til å leve i dåpen, ved døpefonten.

En kurv med små lys kan settes slik at deltakerne etter prekenen kan tenne lys fra flammen i lyset som ble båret inn da gudstjenesten begynte.

Selv om den latviske gruppen ikke har gitt noe forslag om salmer, anbefaler de at det synges trinitariske salmer. De anbefaler også å synge *Kyrie eleison* og *Kriste eleison*. I orddelen er det satt inn korte svar fra forsamlingen. Innledningen til lesningene bruker begrepet «kjærlighetseksplasjon». Dette begrepet kommer fra grunnleggeren av Pro Sanctitate-bevegelsen, Guglielmo Gaiquinta. Denne bevegelsen er aktiv i Latvia, og medlemmer derfra har vært med på og bidratt til forberedelsen av denne gudstjenesten.

Etter gudstjenesten:

Et latvisk tegn på gjestfrihet er brød, særlig mørkt brød. Når folk flytter inn i et nytt hjem, kommer gjerne venner og gir et brød med salt strødd i form av et kors på toppen. Dette er et tegn på velsignelse. Den latviske gruppen ser gjerne at kristne i hele verden tar etter dette tegnet på gjestfrihet under samværet etter gudstjenesten.

# ORDNING FOR

## ØKUMENISK BØNNEGUDSTJENESTE

---

### Bokmål

L: Leder(e)  
F: Forsamling

### I. SAMLING

#### Prosesjonsalme

*De som leder gudstjenesten kommer inn og kan bære med seg en Bibel, et lys og en bolle med salt.*

#### Ord til inngang

**L:** Kjære venner i Kristus! Når vi nå kommer sammen til gudstjeneste med bønn om enhet, takker vi Gud for at vi får være del av hans folk, og for at vi har fått det kallet apostelen Peter skriver om: «Dere er en utvalgt slekt, et kongelig presteskap, et hellig folk, et folk som Gud har vunnet for at dere skal forkynne hans storverk, han som kalte dere fra mørket og inn i sitt underfulle lys.» Dette året ber vi sammen med kristne fra Latvia. De har laget denne gudstjenesten med håp om at vi kan vokse i fellesskap med vår Herre Jesus Kristus og med alle søstre og brødre som lengter etter samhold og enhet (se 1 Pet 2,9)

### II. BØNN OM DEN HELLIGE ÅND

**L:** Hellige Ånd, du gave fra Far gjennom Sønnen Jesus Kristus, kom og vær i oss, lukk opp hjertet vårt og hjelp oss å lytte til ditt ord.

**F:** **Kom til oss, Hellige Ånd.**

**L:** Hellige Ånd, du guddommelige kjærlighet, du kilde til enhet og hellighet, vis oss Fars kjærlighet.

**F:** **Kom til oss, Hellige Ånd.**

**L:** Hellige Ånd, du kjærlighetens ild, rens oss og ta bort all splittelse i hjertene våre, i kirkene våre og i verden. Gjør oss til ett i Jesu navn.

**F: Kom til oss, Hellige Ånd.**

L: Hellige Ånd, styrk oss i troen på Jesus, han som i sannhet er Gud og menneske, som bar synden av splittelsen mellom oss opp på korset, og som tok oss inn i fellesskap med seg da han stod opp fra de døde.

**F: Kom til oss, Hellige Ånd.**

L: Far, Sønn og Hellig Ånd, bli i oss så vi kan bli forenet i kjærlighet og hellighet. Gjør oss til ett i deg, du som lever og råder i all evighet.

**F: Amen**

## En lovsang

### III BØNN OM FORSONING

L: Gud kaller oss til forsoning og hellighet. Lat oss vende oss til Ham med tanker, hjerte og kropp for å ta imot forsoningen og nåden på veien til hellighet.

*Stillhet*

L: Herre, du skapte oss i ditt eget bilde. Tilgi oss når vi ikke tar naturen og verden som du ga oss på alvor. *Kyrie eleison.*

**F: Kyrie eleison.**

L: Jesus, du kaller oss til å bli fullkomne slik vår himmelske Far er fullkommen. Tilgi oss når vi mislykkes i å være hellige og helstøpte, og når vi ikke respekterer menneskerettigheter og menneskeverd. *Kriste eleison.*

**F: Kriste eleison.**

L: Gud, du som er Herre over liv og fred og rettferdighet, tilgi oss når kulturen vår er preget av død, krig og urett, og vi ikke makter å bygge en sivilisasjon full av kjærlighet. *Kyrie eleison.*

**F: Kyrie eleison.**

L: Gode Gud, fyll oss med din nåde og gjør oss hellige. Gjør oss til apostler for kjærlighet der vi ferdes. Det ber vi deg om ved Jesus Kristus, vår Herre.

**F: Amen.**

#### IV. FORKYNNELSE AV GUDS ORD

T: Guds ord som vi nå skal høre, er en eksplosjon av kjærlighet i livet vårt.  
Hør, og du skal leve.

**F: Gud være lovet!**

**T: *Jesaja 55,1-3***

T: Hør, og du skal leve.

**F: Gud være lovet!**

#### ***Salme 145,8-9, 15-16, 17-18***

T: Jeg vil velsigne navnet ditt til evig tid.

**F: Jeg vil velsigne navnet ditt til evig tid.**

T: Herren er nådig og barmhjertig,  
sen til vrede og rik på miskunn.  
Herren er god mot alle,  
barmhjertig mot alt han har skapt..

**F: Jeg vil velsigne navnet ditt til evig tid.**

T: Alles øyne venter på deg,  
og du gir dem mat i rett tid.  
Du åpner din hånd  
og metter alt som lever, med det gode.

**F: Jeg vil velsigne navnet ditt til evig tid.**

T: Herren er rettferdig på alle sine veier,  
trofast i alt han gjør.

Herren er nær alle som kaller på ham,  
alle som kaller på ham i sannhet.

**F: Jeg vil velsigne navnet ditt til evig tid.**

**T: *1 Peter 2,9-10***

T: Hør, og du skal leve.

F: **Gud være lovet!**

T: *Matteus 5,1-16*

T: Hør, og du skal leve.

F: **Gud være lovet!**

## **Preken**

### V. Å VÆRE SALT OG LYS

*Den som leder, gir forsamlingen følgende oppfordring:*

L Sammen har vi hørt ordet fra Bibelen, boken vi holder så høyt, og sammen har vi fått næring fra ordet.  
Nå vil vi bære det hellige ordet med oss ut i verden,  
for vi er sammen om oppgaven  
med å være salt på jorden og lys i verden  
og å forkynne Herrens storverk.

Som et tegn på den tjenesten vi er sammen om, kan nå de som ønsker det, komme frem og smake en klype salt og tenne et lite lys fra flammen i det store lyset. Det er fint om de som gjør det, lar lyset brenne helt til slutten på gudstjenesten.

### VI. BØNNER MED HÅP

L: La oss nå som Guds barn, i bevissthet om vår høye stand og om tjenesten som ligger foran oss, bære frem våre bønner og stadfeste at vi er Guds hellige folk.

*Stillhet*

L: Kjære Far, vi ber deg forvandle våre hjerter, familiene våre, menigheten og samfunnet.

F: **Gjør hele ditt folk hellig og forenet i Kristus.**

L: Kristus, du livets vann, still tørsten som finnes i samfunnet vårt, tørsten etter å bli verdsatt, tørsten etter kjærlighet og fellesskap og etter å bli hellige.

**F: Gjør hele ditt folk hellig og forenet i Kristus.**

L: Hellige Ånd, du som gir glede og fred, vi ber deg lege splittelsen som skyldes misbruk av makt og penger. Skap forsoning blant oss på tvers av kulturer og språk. Gjør oss til ett som Guds barn.

**F: Gjør hele ditt folk hellig og forenet i Kristus.**

L: Treenige Gud, led oss for din kjærlighets skyld ut av mørket og inn i ditt strålende lys.

**F: Gjør hele ditt folk hellig og forenet i Kristus.**

L: Herre Jesus Kristus, vi ble gjort til ett med deg i dåpen, og derfor forener vi våre bønner med dine gjennom ordene du lærte oss:

**F: Vår Far... / Fader vår ...** *Bruk den versjonen av bønningen og det språket du er vant med.*

## VII. GUDS FRED

L: Jesus sier:  
Dere er jordens salt.  
Dere er verdens lys.  
La lyset deres skinne for menneskene  
så de kan se de gode gjerningene dere gjør  
og prise deres Far i himmelen.  
Vær salt på jorden.  
Vær lys i verden.

Herrens fred være med dere alltid

**F: Og også med deg.**

L: La oss gi hverandre et tegn på fred.

*Her kan en snu seg mot dem som er omkring i kirken og med et håndtrykk el. l. si «Guds fred»*

## VIII. VELSIGNELSE OG UTSENDELSE

L: Salige er de som er fattige i ånden.  
Salige er de som sørger.  
Salige er de ydmyke.  
Salige er de som hungrer og tørster etter rettferdigheten.  
Salige er de barmhjertige.  
Salige er de rene av hjertet.  
Salige er de som skaper fred.  
Salige er de som blir forfulgt.  
Salige er dere ved Gud: Far, Sønn og Hellig ånd.

**F: Amen.**

L: Gå med Kristus i fred.

**F: Amen.**

# BIBELARBEID OG BØN FOR DEI ÅTTE DAGANE

---

## FØRSTE DAGEN: Lat steinen bli rulla vekk

Esek 37,12-14	Mitt folk, eg opnar gravene dykkar og lét dykk stiga opp or grav.
Sal 71,18b-23	Ditt velde og di rettferd, Gud, når til det høgste.
Rom 8,15-21	Så sant vi lid med han, skal vi óg eiga herlegdomen saman med han.
Matt 28,1-10	Han er ikkje her. Han er stått opp, som han sa.

*Bibelarbeidet for denne dagen er laga av det katolske ungdomssenteret i erkebispedømmet Riga. Det spring ut frå røynslene dei har med å arrangera ei økumenisk krossvandring. Dette er ein viktig årleg økumenisk hending i Latvia. Røynslene frå krossvandringa gjev tankar om kva lidning og oppstode har å seia i ein latvisk samanheng, og om kva Herrens storverk er, dei som døypte kristne er kalla til å forkynna.*

- Historia til Latvia under Sovjet held fram med å kasta skuggar over folk i dette landet. Det er framleis mykje sorg og smerte frå sår ein vart påført og som er vanskelege å lækja. Alle desse sår liknar den svære steinen som dekte opninga til Jesu grav. Slike sår stengjer oss inne i ei åndeleg grav.
- Men om vi i vår lidning kan knyta vår smerte saman med smerta hans, da sluttar det ikkje her i dei stengte gravene våre. Jordskjelvet som følgde Herrens oppstode, er ei veldig hending som ristar grunnen og opnar gravene våre og frir oss frå smerta og beiska som stengjer oss ute frå kvarandre.
- Dette er Herrens storverk: hans kjærleik som får verda til å rista så steinar rullar vekk og vi vert frie og kalla ut til ein ny morgon. Her i denne nye morgonstunda vert vi så sameina med brørne og systrene våre som og har vore stengt inne og har kjent lidninga. Lik Maria Magdalena må vi skunda oss vidare frå denne opplevinga av glede så vi kan fortelja andre kva Herren har gjort.

### Spørsmål

- *Kva for hendingar og situasjonar i livet kan gjera oss så triste, sorgtunge, engstelege og redde at vi stengjer oss inne som i ei grav?*
- *Kva er det som hindrar oss i å ta imot lovnaden og gleda frå oppstoda til Kristus?*
- *Kor klare er vi til å la dei vi møter få dela røynslene vi har med Gud?*



## Bøn

Herre Jesus, du har elska oss heilt frå byrjinga, og du har syna oss kor djup din kjærleik er ved å døy for oss på krossen og dela lidning og smerte med oss. Nett no legg vi alle hindringane, som skil oss frå kjærleiken din, ned ved foten av krossen din. Rull vekk steinen som fengslar oss. Vekk oss opp til morgonen for din oppstode så vi kan møtast med brør og systrer som vi er skilde frå. Amen.

## ANDRE DAGEN Kalla til å vera bodberarar for glede

Jes 61,1-4	Herren Guds Ande er over meg, for Herren har salva meg. Han har sendt meg for å forkynna ein god bodskap for hjelpelause.
Sal 133	Sjå kor godt og vakkert det er når brør bur saman!
Fil 2,1-5	Gjer mi glede fullkomen: Ha same sinnelaget og same kjærleiken, ver eitt i sjel og sinn.
Joh 15,9-12	Dette har eg tala til dykk så mi glede kan vera i dykk og gleda dykkar kan bli fullkomen.

*I sovjet-tida var det umogeleg for latviske kristne å vera til stades i dei offentlege media. Etter sjølvstendet tok den latviske statskringkastinga til med å senda kristne program med fokus på einskap og misjon. Dette skjedde ved at leiarar frå ulike kyrkjer møtte kvarandre i eit samtaleforum. Eit slikt offentlig vitnemål om gjensidig respekt, kjærleik og glede har prega det økumeniske livet i Latvia. Røynslene til skaparane av dei kristne programma i latvisk statskringkasting har gjeve inspirasjon til denne meditasjonen.*

- Den glade bodskapan kallar kristne til å leva i profetien frå Jesaja: ”Herren Guds ande er over meg, for Herren har salva meg. Han har sendt meg for å forkynna ein god bodskap for hjelpelause.” Vi lengtar etter at evangeliet kan lækja dei knuste hjarta våre og setja oss fri frå alt som held oss fanga.
- Når vi er nedtrykte av eiga lidning, vantar vi kan hende frimod til å snakka om gleda som kjem frå Kristus. Men sjølv om vi ikkje kjenner oss i stand til å gje noko som helst til nokon som helst, så kan Jesus, når vi fortel om det vi trass alt har, forvandla det og gjera det stort for oss og for folk kring oss.
- I evangeliet seier Jesus: ”Som Far har elska meg, har eg elska dykk. Ver i min kjærleik!” og ”Som eg har elska dykk, skal de elska kvarandre.” Det er

på det viset vi kan oppdaga gleda hans i oss slik at gleda vår kan verta fullkomen. Slik gjensidig kjærleik og glede er sjølve hjartet i bønna vår om einskap. Som salmediktaren seier: ”*Sjå kor godt og vakkert det er når brør bur saman!*”

### Spørsmål

- *Kva er det som kan knusa gleda i verda og i kyrkja?*
- *Kva kan vi få av andre kristne slik at gleda til Jesus kan vera i oss og gjera oss til glade vitne om evangeliet?*

### Bøn

Kjærleikens Gud, sjå på viljen vår til å tena deg trass i åndeleg armod og små evner. Oppfyll den djupaste lengten i hjarta våre med å vera nær oss. Fyll dei brotne hjarta våre med din lækjande kjærleik så vi kan elska slik du har elska oss. Gjev oss einskap som di gåve slik at vi kan tena deg med glede og dela din kjærleik med alle. Det bed vi om i namnet til sonen din, Jesus Kristus vår Herre. Amen.

## TREDJE DAGEN Vitnemål om fellesskap

Jer 31,10-13	Dei skal koma og jubla på Sion-høgda, stråla av glede.
Sal 122	Bed om fred for Jerusalem! Må dei som elsker deg, leva trygt!
1 Joh 4,16b-21	Den som seier ”Eg elsker Gud”, men likevel hatar bror sin, er ein løgnar.
Joh 17,20-23	At dei kan vera eitt så verda kan skal skjøna at du har sendt meg.

*I meir enn ti år har «Chemin Neuf» (Den nye vegen) vore til stades i Latvia. Chemin Neuf er ei katolsk rørsle med eit økumenisk kall og har både katolske og lutherske medlemer. Saman kjenner dei glede over fellesskapen i Kristus, men også smerte over skiljet mellom dei. Som eit teikn på dette skiljet, set dei eit tomt altarbrødfat og ein tom altarkalk på altaret når dei held kveldsbøn. Erfaringa deira ligg under meditasjonen nedanfor.*

- Splittinga mellom kristne er eit hinder for forkynning av evangeliet. Verda kan ikkje tru at vi er disiplane til Jesus når kjærleiken mellom oss ikkje er heil. Vi kjenner smerte over dette skiljet når vi ikkje kan vera saman og ta imot Jesu lekam og blod i nattverden, einskapens sakrament.

- Kjelda til glede vår er fellesskapen i Kristus. Å leva saman i eit dagleg liv i fellesskap er å ta imot, elska, tena, be og bera fram vitnemål saman med kristne frå ulike tradisjonar. Einskapen er ei svært verdfull perle som vi får av Den heilage ande.
- Kvelden før han døydde bad Jesus om einskap og kjærleik mellom oss. I dag løfter vi hendene våre og bed saman med Jesus om einskap mellom kristne. Vi bed for biskopane, prestane og medlemene i alle kyrkjene. Vi bed om at Den heilage ande må leie oss alle på vegen til einskap.

### Spørsmål

- *Korleis ser vi på kristne frå andre kyrkjesamfunn? Er vi reie til å be om tilgjeving for fordomane våre mot dei?*
- *Kva kan vi kvar einskild gjera for å minska skiljet mellom kristne?*

### Bøn

Herre Jesus, du som bad om at vi alle måtte verta eitt, vi bed deg om einskap mellom kristne etter din vilje. Lat din Ande hjelpa oss å kjenna smerte ved skilja mellom oss og sjå at vi har synda. Gje oss ei von som sigrar over motgang. Amen.

## FJERDE DAGEN Eit folk av prestar, kalla til å forkynna evangeliet

- |              |  |
|--------------|--|
| 1 Mos 17,1-8 | Abraham skal namnet ditt vera; for eg gjer deg til far for mange folkeslag.                              |
| Sal 145,8-12 | Herren er nådig og mild, sein til vreide og rik på miskunn.  |
| Rom 10,14-15 | Korleis kan dei tru på ein som dei ikkje har høyrte om?  |
| Matt 13,3-9  | Noko fall i god jord og gav grøde, noko hundre gonger det som var sådd, noko seksti, noko tretti gonger. |

*Desse tankane er inspirert av dei som lagar det kristne radioprogrammet «Vertikale» søndag morgon. Utdringa med å halda oppe denne kristne røysta på det latviske nasjonale fjernsynet har lært dei at berre ved å sjå andre kristne som søstrer og brør vågar dei ta Guds ord fram i det offentlege rom.*

- I verda i dag meir enn nokon gong før flaumar det ord inn i heimen vår, ikkje lenger berre frå samtalanane våre, men frå fjernsyn, radio og no også frå

sosiale media. Desse orda eig kraft til å byggja opp og til å riva ned. Mykje av denne ordflaumen verkar meningslaus og er underhaldande meir enn nærande.

- Ein kunne drukna i ein slik flaum der det ikkje finst noka meining å halda fast i. Men vi har høyrte eit frelsande Ord. Det har vorte kasta til oss som ei livbøye. Det kallar oss inn i ein fellesskap og dreg oss inn i samfunn med andre som og har høyrte det. Ein gong var vi ikkje eit folk. No er vi Guds folk.
- Meir enn dette: Vi er eit folk av prestar. Vi er sameina med andre som og har høyrte hans Ord. Orda våre er ikkje lenger berre dropar som forsvinn i flaumen. Vi har eit mektig Ord å bera fram. Saman kan vi tala med kraft. *Jeshua* – Gud frelsar.

### Spørsmål

- *Kva slag personlege ambisjonar, kampånd, falske fordomar om andre kristne og krenkingar kan formørka forkynninga av Ordet?*
- *Kven får høyre eit livgjevande ord frå oss?*

### Bøn

Herre Jesus, du har sagt at alle skal kjenna at vi er disiplane dine om vi elsker kvarandre. Styrk oss med din nåde så vi ikkje vert trøyte av å arbeida for at einskapen i di kyrkje må verta synleg. Lat den glade bodskapen du har gjeve oss å forkynna, verta synleg i orda og gjerningane våre. Amen.

## FEMTE DAGEN

## Apostlane sitt fellesskap

Jes 56,6-8	Mitt hus skal kallast eit bønhus for alle folk.
Sal 24	Kven kan gå opp på Herrens fjell?
Apgj 2,37-42	Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbrytinga og bønene.
Joh 13,34-35	Eitt nytt bod gjev eg dykk: De skal elska kvarandre.

*Fellesskapet mellom kristne leiarar skapar det synlege uttrykket for økumenisk liv i Latvia. Dei kjem jamleg saman på Gaizins, den høgste åsen i Latvia, til ei 40-timers samling med bøn og samvær kring enkle måltid. Medan dei er samla,*

*held dei truande samanhengande gudsteneste og bønevakt. Desse møta fornyar leiarane som medarbeidarar i Kristus. Røynslene til grunnleggjaren av «Latvias Bønehus for alle folk» har gjeve inspirasjon til denne meditasjonen.*

- Bodet som Jesus gav om å elska kvarandre, er ikkje teori. Kjærleikens samfunn med kvarandre vert heilt konkret når vi som disiplane til Kristus medvite kjem saman i bøn med kraft frå den heilage Ande.
- Di meir kristne, og særleg dei kristne leiarane, saman møter Kristus i audmykt og tålmod, di meir forsvinn fordomanane. Di meir vi oppdagrar Kristus i kvarandre, di meir vert vi sanne vitne om Guds rike.
- Til tider kan økumenisk arbeid verka svært komplisert. Men eit triveleg fellesskap, eit måltid saman og felles bøn og lovprising opnar for apostolisk einfald. I dette handlar det om å vera lydige mot bodet om å elska kvarandre og å seia vårt *Amen* til Kristi bøn om einskap.

## Spørsmål

- *Kva for røynsler har vi om å møta kvarandre som brør og søstres i Kristus gjennom kristent fellesskap ved måltid og felles bøn?*
- *Kva for forventningar har vi om biskopar og andre kyrkjeleiarar på vegen mot synleg einskap i kyrkja? Korleis kan vi støtta dei og oppmuntra dei?*

## Bøn

Vår Herre Jesu Kristi Far, herlege Gud, gjev visdomens Ande til alle kristne, og særleg til dei som har fått ansvar som leiarar i di kyrkje. Lat oss sjå vona du har kalla oss til med dei indre auga våre: ein kropp og ein Ande, ein Herre, ei tru, ein dåp, ein Gud og Far for alle, han som er over og gjennom og i alle. Amen.

## SJETTE DAGEN

## Høyr denne draumen

1 Mos 37,5-8	Høyr kva eg har drøymt.
Sal 126	Det var som ein draum for oss.
Rom 12,9-13	Elsk kvarandre med inderleg syskenkjærleik. Set dei andre høgare enn dykk sjølve.
Joh 21,25	Heile verda kunne ikkje romma alle dei bøkene som då måtte skrivast.

*Usemje mellom kristne smertar. Kyrkjer lir under at dei ikkje er i stand til å koma saman som ein familie kring Herrens bord. Dei lir under ei historie som rommar strid og rivalisering. Eit einskilt svar til denne usemja kom i 2005 i form av eit økumenisk tidsskrift: "Kas Mus Vieno?" ("Kva bind oss saman?") Røynslene frå arbeidet med å produsera dette tidsskriftet har inspirert denne meditasjonen.*

- Josef har ein draum som er ein bodskap frå Gud. Men når Josef fortel brørne sine om draumen, reagerer dei med vreide og vald, for draumen tyder at dei må bøya seg for han. Men til sist vert brørne drivne til Egypt under ei hungersnaud, og der vert dei nøydde til å bøya seg for Josef. Men i staden for hemn og vanæra vart dette møtet til forsoning og nåde.
- Som Josef fortel også Jesus oss ein visjon, ein bodskap om livet i sin Fars rike. Det er ein visjon om einskap. Men nett som brørne til Josef reagerer vi også ofte sterkt med vreide og redsle på denne visjonen og konsekvensane av han. For han krev at vi underordnar oss og bøyer oss for Guds vilje. Vi vert redde for kva vi vil tapa. Men visjonen handlar ikkje om tap. Tvert om handlar han om å få attende søstrer og brør vi hadde mista og om at familien finn saman att.
- Vi har skrivne mange økumeniske tekstar, men visjonen om kristen einskap vert ikkje fanga opp i tesar vi vert samde om, sjølv om dei er aldri så viktige. Den einskapen Gud ønskjer for oss, den visjonen han set framfor oss, går langt ut over det vi er i stand til å formulera i ord og skriva om i bøker. Visjonen må få kjøt og blod i livet vårt, i bønene og tenesta vi har felles med systrene og brørne våre. Framfor alt vert han verkeleg når vi syner at vi elsker kvarandre.

### **Spørsmål:**

- *Kva tyder det å leggja våre eigne draumar om kristen einskap ved føtene til Kristus?*
- *Korleis kan Herrens visjon om einskap kalla kyrkjene til fornying og endring i dag?*

### **Bøn**

Himmelske Far, gjer oss audmjuke så vi kan høyra røysta di, ta imot kallet frå deg og dela draumane våre om einskap for kyrkja. Hjelp oss å

vera vakne for smerta som kjem frå usemja mellom oss. Når splittinga har gjort hjarta våre harde som stein, lat då din heilage Ande gje hjarta våre varme og vekka opp att visjonen om å verta eitt i Kristus slik han er eitt med deg, så verda kan tru at du har sendt han. Det bed vi i om i Jesu namn. Amen.

## SJUANDE DAGEN                      Hjarterom for bøn

Jes 62,6-7	Eg har sett vaktmenn ut på murane dine, Jerusalem. Dei skal aldri teia.
Sal 100	Rop med jubel for Herren, all jorda! Ten Herren med glede.
1 Pet 4,7b-10	Ver sindige og edrue, så de kan be.
Joh 4,4-14	Det vatnet eg vil gje, blir til ei kjelde i han med vatn som bryt fram og gjev evig liv.

*Røynsla av å be saman på alle dei åtte dagane i Bøneveka for kristen einskap har hjelpt kristne i småbyen Madona til å byggja venskap. Som eit resultat av dette har dei opna eit økumenisk bønkapell midt i byen med element frå lutherske, katolske og ortodokse tradisjonar. Her held kristne frå Madona samanhengande bøn heile døgeret. Denne røynsla dannar bakgrunn for dei følgjande tankane.*

- Så lenge Guds folk er skilt og kristne har vorte framande for kvarandre, er vi som Jesus i Samaria framande i eit ukjent land. Vi vantar tryggleik, har ikkje noka forfrisking og ingen stad å kvila.
- Israelfolket lengta etter ein stad i tryggleik der dei kunne tilbe Herren. Jesaja fortel oss om Herrens mektige gjerning: Han sette vaktmenn på murane i Jerusalem så folket kunne tena han i tryggleik dag og natt.
- I Bøneveka for kristen einskap vert kyrkjene og kapella våre trygge stader for kvile og kveik og felles bøn. For når vi bed saman, vert vi eitt folk.

### **Spørsmål**

- *Korleis kan vi leggja til rette for gjensidig gjestfridom hjå kyrkjer og forsamlingar der vi bur?*
- *Finst det stader i nabolaget der kristne frå ulike tradisjonar kan koma saman for å be? Viss ikkje, kan vi då hjelpa til å skipa ein slik stad?*

## Bøn

Herre Jesus, du bad disiplane dine vaka og be saman med deg. Hjelp oss å gje verda trygge tider og stader til å finna kveik og kvild slik at vi, når vi bed saman med andre kristne, kan koma nærare deg og kjenna deg betre. Amen

## ÅTTANDE DAGEN      Hjarta som brenn for einskap

Jes 52,7-9	Kor vakre dei er der dei spring over fjella, føtene til den som ber bod, forkynner fred og kjem med god bodskap.
Sal 30	Du vende mi dødsklage til dans.
Kol 1,27-29	Kor rikt på herlegdom dette mysteriet er for folkeslaga: Kristus er blant dykk, håpet om herlegdomen!
Luk 24,13-36	Så tok han til å leggja ut for dei det som står om han i alle skriftene, heilt frå Moses og hos alle profetane.

*Mange ulike kyrkjer i Latvia har gått saman i evangeliseringsarbeid ved å halda Alpha-kurs. Alpha-kurset vart utvikla i den anglikanske kyrkjelyden Holy Trinity i Brompton, London. Latviarar som er komne til tru gjennom dette programmet, held fram med å vera opne for å læra og finna rikdom i det som andre kristne fellesskap kan gje. Denne erfaringa har gjeve liv til dei følgjande tankane.*

- Disiplane som forlèt Jerusalem for å gå til Emmaus, var djupt vonbrotne. Dei hadde mista vona om at Jesus var Messias og var no på veg bort frå fellesskapet i disippelflokken. Denne reisa tyder derfor skilje og isolasjon.
- Heilt annleis var det då dei vende attende til Jerusalem, fulle av von og med ein gledeleg bodskap på leppene. Det var bodskapen om oppstode som dreiv dei attende til fellesskap og samhald i forsamlinga.
- Ofte freistar kristne å evangelisera som om det var eit slag tevling med von om å fylla sine eigne kyrkjer. Ein slik ambisjon skuggar for ønsket om at andre skal få høyra dei livgjevande orda i evangeliet. Sann evangelisering er ei reise frå Emmaus til Jerusalem, frå einsemd til einskap.

## Spørsmål

- *Kva slag vonbrot kan isolera oss frå andre menneske?*



- *Kva for gåver – tiltak, metodar og program – kan vi få frå andre kristne fellesskap?*

## Bøn

Herre Jesus, du fekk hjarta til å brenna i oss og har sendt oss attende på vegen til systrer og brør med evangeliebodskapen på leppene. Hjelp oss å sjå at vona og lydnaden til dine bod-ord alltid leier oss til større einskap i ditt folk. Amen.

# DEI ØKUMENISKE TILHØVA I LATVIA

---

## I. Dei kristne kyrkjene

«Levande økumenikk»: Desse orda teiknar dei økumeniske tilhøva i Latvia i dag. I stadig større grad kjem kristne frå ulike tradisjonar saman for felles bøn og felles vitnemål på nye stader og i nye situasjonar. Dette heng saman med at dei tre største kyrkjesamfunna i Latvia er om lag like store mens dei mindre kyrkjesamfunna er særleg aktive. Latvia er eit slag vass-skilje mellom katolske, protestantiske og ortodokse tradisjonar. Etter offentlege data frå 2011 er 34,3% av folkesetnaden lutheranarar, 25,1% er romerske katolikkar og 19,4% er ortodokse og gamaltruande. 1,2% høyrer til andre kristne kyrkjesamfunn (baptistar, adventistar, pinsevener og andre frikyrkjer) medan 20% reknar seg til andre religionar eller ingen religion. Latvia reknar offisielt med seks religiøse tradisjonar: Lutheranarar, katolikkar, baptistar, ortodokse, gamaltruande og jødar.

## II. Levande økumenikk

Sjølv om kyrkjene i Latvia ikkje er komne saman i noko nasjonalt kyrkjeråd, går det økumeniske livet framover og ber god frukt. Samarbeid mellom kristne i Latvia er i dag grunnleggjande for om den kristne bodskapen skal nå fram til samtidas postmoderne samfunn med alle sine ulike retningar og mangfald i

oppfatningar. Økumeniske band og samarbeid mellom ulike kyrkjesamfunn i Latvia kan ein seia er bygde på forkynning av *Herrens storverk*.

I Latvia er det vanleg at biskopane frå dei fire største kyrkjesamfunna, den katolske kyrkja, den ortodokse kyrkja, den lutherske kyrkja og baptistkyrkja, saman gjev ut hyrdebrev om saker som handlar om etikk, vern av liv eller sosial rettferd. Takk vera dei nære banda mellom leiarane i den romersk-katolske og den lutherske kyrkja i Latvia kunne vigslinga av den noverande romersk-katolske erkebiskopen finne stad i den lutherske domkyrkja i Riga.

Leiarane i dei ulike kyrkjene kjem saman under feiringa av dei aller viktigaste minnedagane og heilagdagane som til dømes den nasjonale frigjeringsdagen 18. november. Då vert Guds ord forkynt, talar vert haldne og musikarar frå mange kristne kyrkjer er med.

Ein av plattformene for økumenisk samarbeid handlar om band til den latviske staten gjennom «Rådet for andelege saker». I dette rådet sit leiarane for dei såkalla tradisjonelle kyrkjesamfunna samt for jødane i Latvia. Rådet møtest om lag ein gong i året, og statsministaren leier møta.

Ein særskilt fin frukt av det økumeniske samarbeidet handlar om den offentlege skulen. Fire store kyrkjesamfunn har saman laga undervisningsmateriale i kristendom for dei tre første skuleåra, og materialet er blitt godkjent av Undervisningsdepartementet.

Men dei gode banda mellom biskopar og prestar i dei latviske kyrkjene rekk mykje lenger enn til økumeniske gudstenester, for dei byggjer på ekte venskap. Dette utfordrar skiljemurane som vart bygde i tidlegare hundreår, og det let kvar og ein sjå den andre som ein medtenar for evangeliet. Katolske, lutherske og baptistiske biskopar møtest jamleg. Dei bed og lovar Gud saman i ein broderleg atmosfære og diskuterer saker som er viktige i Latvia.

Det er også mange døme på økumenisk samarbeid mellom fellesskap og kyrkjelydar. Det vert mellom anna organisert program for evangelisering bygde på Alpha-kursa. Dei katolske kyrkjelydane frå St Thérèse av Jesusbarnet og St Maria Magdalena kjem saman med forsamlinga i Lutherkyrkja Tornakalns i Riga og Baptistsamfunnet i Āgenskalns til fellesskap, sosiale prosjekt og for å gje ut ein kalender. Heilt sidan år 2000 har dei ulike kyrkjelydane i Madona feira Bøneveka for kristen einskap i ei ny forsamling kvar dag i dei åtte dagane. Gjennom desse hendingane har mange møtt sine systre og brør frå andre kristne tradisjonar for første gong. Som ein frukt av desse rønslene vart det bygd eit økumenisk bønkapell i Latvia. Der kan systre og brør frå ulike kyrkjer koma

saman til bøn. Dørene i kapellet er opne dag og natt. Katolikkar og lutheranarar har vaktordningar som sikrar at det alltid er nokon som bed i kapellet.

Ved sida av aktivitetar som kyrkjer og forsamlingar står for, finst det og brennande kristne som har sett i gang fleire økumeniske tiltak. Eit talande døme er det første økumeniske kapellet som vart opna under namnet «St Johannes døyparen og St Maria Magdalena» i landsbyen Igate. Kapellet blei bygt som eit privat tiltak. Det vert nytta av folk frå dei fire store kristne tradisjonane i Latvia: lutheranarar, katolikkar, ortodokse og baptistar. Eit av dei særskilte formåla for folk i Igate er å be for barn, fødde og ufødde, og for mødrene deira og om hjelp til dei.

Eit anna døme på personleg tiltak er Toppmøtet i Gaizins. Ein lek kristen baud inn leiarane frå fleire latviske kyrkjer til eit møte på den høgste åsen i Latvia, Gaizins, for fellesskap og bøn. Dei takka ja til innbydinga. So lenge møta varte, blei dei støtta av dei truande gjennom samanhengande bøn og gudsteneste. Denne samlinga har vore halden sju gongar så langt, og mange fleire kyrkjeleiarar har slutta seg til.

«*Kva bind oss saman?*» er eit tidsskrift som blei lansert for ti år sidan av ein lek kristen. Bakom tidsskriftet ligg ein djup lengt etter einskap i kyrkja. Første nummeret sette ljuset åleine på Bøneveka for kristen einskap. Seinare nummer har teke opp særskilte økumeniske tema. Tidsskriftet vert spreidd gratis i lokale fellesskap og ulike kyrkjer.

Økumenisk samarbeid finn ein og i fleire bønegrupper og fellesskap under «Chemin Neuf», «Blå krossen», «Kalnskola» og «Effata», men og i sosiale prosjekt som presteteneste i fengsla, rehabiliteringssenter for tidlegare alkoholikarar og stoffmisbrukarar: Betlehemhuset Miskunn. I alle desse rørslene og organisasjonane, i dagleg bøn og teneste, tek kristne frå ulike kyrkjer kvarandre i handa og bidreg til kristen einskap i kvardagstenesta.

Sidan Latvia er rik på kristne tradisjonar, rører dette og ved livet i familiane. Det er mange ektepar med blanda kyrkjebakgrunn som i dagleglivet møter spørsmåla som framleis set skilje mellom kyrkjene. Det gjeld til dømes vigsseremoniar, kristendomsopplæring for borna, deltaking i søndagsgudstenesta, og aller viktigast for praktiserande kristne, den heilage nattverden.

Kristne menneske må også koma til rette med problema i den moderne globaliserte verda. Nettopp for å hjelpa familiar har «Cana-brorskapet» vore

aktive i Latvia heilt frå 1994. I 2006 starta dei saman med dei lokale styresmaktene i Riga med økumeniske familiefestivalar. Dei set særleg merksemd på saker som gjeld familiar og dei ønsker å styrke familiane med arbeidet sitt. Desse festivalane vert i sær støtta av ulike frikyrkjer i Latvia saman med dei tre store tradisjonane.

Media er sær s viktig for evangelisering. Eit økumenisk arbeidslag produserer kristne program som stendig vert sende av den latviske rikskringkastinga. Dei byggjer opp under einskap og fellesskap mellom kristne i Latvia. Eit katolsk informasjonscenter, «Emanuels», lagar fjernsynsprogrammet «Vertikale» som blir vist på Latvias kanal 1. Programma søkjer å syna kva som bind kristne saman i staden for det som skil dei. Dei som produserer programmet ser etter vitnemål om Kristus hjå dei ortodokse, katolikkane, lutheranarane, baptistane og andre kristne grupper. Dessutan finst det ein evangelikal radiostasjon, «Latvias kristne radio», som og sender mange program av økumenisk interesse.

Krossvandringa, som vert feira på langfredag kvart år, finn stad i gatene i mange latviske byar, mellom anna i Kuldīga, Valmiera, Madona og Liepāja. I Riga vert krossvandringa organisert av ungdomssenteret til Riga erkebispedømme. Tiltaket samlar tusenvis av menneske, lutheranarar, baptistar, pinsevener og andre kristne i tillegg til katolikkane. Først i prosesjonen går biskopar og prestar frå dei ulike kyrkjesamfunna side om side. Forutan det vanlege innhaldet i krossvandringa, vert det og laga høvelege framføringar av profesjonelle skodespelarar frå teater i Latvia. Skodespelarane kjem og frå ulike kyrkjesamfunn. Denne bønnevandringa sameiner folk, ikkje berre på religiøst og andeleg vis, men og kulturelt. Når dei kristne på dette viset er saman i tilbeding og ettertanke, vert dei knytt saman i krossvandringensbøna: «*Vi tilbed deg, Herre Kristus og vi prisar deg. Ved den heilage krossen din har du forsona verda.*»

### **III. Utfordringar for den økumeniske rørsla**

I Latvia er det eit godt og solid grunnlag for å utvikla det økumeniske arbeidet fordi ingen av kyrkjene dominerer og fordi det er mange økumeniske tiltak. Samstundes må ein og medgje at desse aktivitetane er sett i gang av ei relativt lita gruppe folk som er særleg opne for økumeniske kontaktar. Mange andre kristne held fram med å vera utan interesse eller er til og med motstandarar av kontakt mellom kyrkjesamfunna.

Ei anna utfordring er at kyrkjene i Latvia ikkje har ein offisiell teologisk dialog-kommisjon. Det er fleire saker som skulle vore handsama i ein økumenisk dialog. Semje i slike saker ville naturlegvis skapa større interesse hjå lekfolket for økumenisk arbeid.

Det er kanskje rett å seia at utvikling av økumenikken i stor grad er avhengig av venskap og personlege band. Det er slik ein kan sikra vellukka gjennomføring av økumeniske hendingar. I mange høve set ei av kyrkjene tiltaket i gang, mens ansvaret ikkje heilt vert delt av dei andre kyrkjene. Nokre få entusiastar ber det meste av børa. Det må vera ei oppgåve for kyrkjene å finna fram til korleis ein kan sikra at ansvaret for økumeniske tiltak vert delt jamt mellom dei.

Til sist: ei sær s viktig utfordring for veksten i einskap er den politiske situasjonen. Den svekker banda til brørne og systrene i den Latvisk ortodokse kyrkja, som høyrer til Moskva patriarkatet. Derfor er det naudsynt å søkja nye høve til å styrkja desse banda.

## BØNNEVEKA FOR KRISTEN EINSKAP

### Emne 1968-2014

I 1968 byrja ein å nytte materiale som var førebudd i fellesskap av Verdskyrkjerådets komité for tru og kyrkjeordning og Det pavelige råd til fremje av kristen einskap.

1968 Til pris og ære for hans herlegdom (Ef 1,14)

1969 Kalla til fridom (Gal 5,13) (Førebuingssmøte i Roma, Italia)

1970 Vi er Guds medarbeidarar (1 Kor 3,9)  
(Førebuingssmøte i klosteret Niederaltaich, DDR)

1971 ...og Den Heilage Andens samfunn (2.Kor 13,13)

1972 Eit nytt bod gir eg dykk (Joh 13,34)  
(Førebuingssmøte i Genève, Sveits)

- 1973 Herre, lær oss å be (Luk 11,1)  
Førebuingsmøte i klosteret Montserrat i Spania
- 1974 For at kvar tunge skal sanne: Jesus Kristus er Herre (Fil 2,1-13)  
Førebuingsmøte i Genève, Sveits

I april 1974 blei det sendt eit brev til medlemskyrkjene og andre interesserte grupper om å etablere lokale økumeniske grupper til å delta i førebuing av brosjyre for Bøneveka. Ei australsk gruppe var den første som tok opp denne utfordringa og førebudde eit utkast til Bøneveka for 1975

- 1975 Guds mål: Å samanfatte alt i Kristus (Ef 1,3-10)  
Materialet vart førebudd av ei australsk gruppe. Møte i Genève i Sveits
- 1976 Vi skal verte han lik (1 Joh 3,2) eller: Kalla til å bli det vi er.  
Materialet vart førebudd av ein Karibisk kyrkjekonferanse. Møte i Roma, Italia
- 1977 Saman halde ut i håp (Rom 5,1-5)  
Materialet vart førebudd i Libanon, midt under borgarkrigen. Møte i Genève, Sveits.
- 1978 Ikkje lenger framande (Ef 2,13-22)  
Materialet vart førebudd av ei økumenisk gruppe i Manchester, England
- 1979 Ten kvarandre til Guds ære (1 Pet 4,7-11)  
Materialet vart førebudd i Argentina. Møte i Genève, Sveits.
- 1980 La riket ditt kome (Matt 6,10)  
Materialet vart førebudd av ei økumenisk gruppe i Berlin, DDR. Møte i Milano, Italia.
- 1981 Ein Ande - mange gåver - ein lekam (1 Kor 12,3b-13)  
Materialet vart førebudd av Greymoor Fathers, USA. Møte i Genève, Sveits.

- 1982 Må alle finne sin heim i deg, å Herre. (Sal 84)  
Materialet vart førebudd i Kenya. Møte i Milano, Italia.
- 1983 Jesus Kristus - verdas liv (1 Joh 1,1-4)  
Materialet vart førebudd av ei økumenisk gruppe i Irland. Møte i Céligny (Bossey), Sveits.
- 1984 Kalla til å bli eitt ved krossen til vår Herre (1 Kor 2,2 og Kol 1,20)  
Førebuingssmøte i Venezia, Italia.
- 1985 Frå død til liv med Kristus (Ef 2,4-7)  
Materialet vart førebudd i Jamaica. Møte i Grandchamp, Sveits.
- 1986 De skal være mine vitne (Apg 1,6-8)  
Materialet vart førebudd i Jugoslavia (Slovenia). Møte i Jugoslavia.
- 1987 Sameina i Kristus - ei ny skapning (2 Kor 5,17-6,4a)  
Materialet vart førebudd i England. Møte i Taizé, Frankrike.
- 1988 Guds kjærleik driver frykta ut (1 Joh 4,18)  
Materialet vart førebudd i Italia. Møte i Pinerolo, Italia.
- 1989 Bygge fellesskap: ein lekam i Kristus (Rom 12,5-6a)  
Materiale frå Canada. Førebuingssmøte Whaley Bridge, England.
- 1990 At de alle må være eitt ... så verda kan tru (Joh 17)  
Materiale frå Spania. Førebuingssmøte i Madrid, Spania.
- 1991 Lovsyng Herren, alle folkeslag! (Salme 117 og Rom 15,5-13)  
Materiale frå Tyskland. Førebuingssmøte i Rotenburg/Fulda, Vest-Tyskland.
- 1992 Eg er med dykk alle dagar ... Gå difor ut (Matt 28,16-20)  
Materiale frå Belgia. Førebuingssmøte i Brügge, Belgia.
- 1993 Bære Andens frukt til beste for kristen einskap (Gal 5,22-23)  
Materiale frå Zaire. Førebuingssmøte nær Zürich, Sveits.
- 1994 Guds husfolk: kalla til å være eitt i hjarte og sinn (Apg 4,23-37)

Materiale frå Irland. Førebuingsmøte i Dublin, Irland.

- 1995 Koinonia: Fellesskap med Gud og med kvarandre (Joh 15,1-17)  
Førebuingsmøte i Bristol, England.
- 1996 Se, eg står ved døra og bankar (Op 3,14-22)  
Førebuingsmøte i Lisboa, Portugal.
- 1997 Vi bed i staden for Kristus, lat dykk forsone med Gud. (2 Kor 5,20)  
Førebuingsmøte i Stockholm, Sverige.
- 1998 Anden kjem oss til hjelp i vår vanmakt (Rom 8,14-27)  
Førebuingsmøte i Paris, Frankrike.
- 1999 Han skal bo hjå dei som deira Gud, og dei skal vera hans folk (Op 21,1-7).  
Materiale frå Malaysia. Førebuingsmøte halde i Bose-klosteret i Italia.
- 2000 Lovet være Gud, han som har velsigna oss i Kristus (Ef 1,3-14)  
Materialet vart førebudd av Kyrkjerådet for Midt-Austen. Møte i La Verna, Italia.
- 2001 Eg er vegen, sanninga og livet (Joh 14,1-6)  
Materialet vart førebudd i Romania, møte halde i Vulcan, Romania.
- 2002 For du er livets kjelde (Sal 36,5-6)  
Materialet vart førebudd av Konferansen for Evangeliske kyrkjer i Europa (CEEC) og Konferansen av Kyrkjer i Europa (CEC). Møte holde nær Augsburg, Tyskland.
- 2003 Vi har denne skatten i leirkar (2 Kor 4,4-18)  
Materiale frå kyrkjer i Argentina. Møte i Los Rubios, Spania.
- 2004 Min fred gir eg dykk (Joh 14,23-31; Joh 14,27)  
Materialet vart førebudd av kyrkjer i Aleppo, Syria. Møte i Palermo, Sicilia.
- 2005 Jesus Kristus, kyrkas einaste grunnvoll (1 Kor 3,1-23)  
Materialet vart førebudd av kyrkjer i Slovakia, møte i Piestany,



## Slovakia

- 2006 Der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt iblant dei (Matt 18,18-20). Materialet vart førebudd i Irland. Møte halde i Prosperous, Kildare i Irland
- 2007 Han får døve til å høyra og stumme til å tala. (Mark 7,31-37) Materialet vart førebudd i Sør-Afrika. Møte halde i Faverges i Frankrike
- 2008 Be uavlateleg! (1 Tess 5,(12a) 13b-18) Materialet vart førebudd i USA. Møte halde i Graymoor, Garrison, USA
- 2009 Så dei vert til eitt i handa di (Esek 37,15-28) Materialet vart førebudd i Korea. Møte halde i Marseilles, Frankrike
- 2010 De er vitne om dette (Luk 24,48). Materialet vart førebudd i Skotland. Møte halde i Glasgow, Skotland.
- 2011 Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbrytinga og bønene. (Apg 2,42) Materialet vart førebudd av ei gruppe kristne leiarar i Jerusalem. Møte i Saydnaya, Syria
- 2012 Vi skal alle bli omskapte ved vår Herre Jesu Kristi siger. (1 Kor 15,51-58) Materialet er førebudd i Polen. Møte halde i Warsawa, Polen
- 2013 Kva krev Gud av oss? (Mika 6,6-8) Materialet er førebudd av Den kristne studentrørsla i India. Møte halde i Bangalore, India.
- 2014 Er Kristus delt? (1 Kor 1,1-17) Materiale er førebudd i Canada. Møte halde i Montréal, Canada
- 2015 Jesus seier til henne: Gjev meg noko å drikka. (John 4, 7) Materialet er førebudd i Brasil. Møte halde i São Paulo, Brasil
- 2016 Kalla til å forkynna Guds storverk (sjå 1 Peter 2:9) Materialet er førebudd i Latvia. Møte halde i Rīga, Latvia

# Nokre nøkkelhendingar i historia til Bøneveka

Ca 1740 I Skottland var det på denne tida ei Pinsærørsla med band til USA. Bodskapen til vekkingsrørsla omfatta bønner for og med alle kyrkjjesamfunn.

1820 Presten James Haldane Stewart gir ut “Hints for the General Union of Christians for the Outpouring of the Spirit”

1840 Presten Ignatius Spencer, konvertitt til den Romersk katolske kyrkja, foreslår “Felles bøn for einskap”

1867 Den første Lambeth-konferansen for anglikanske prestar held fram bøn for einskap i innleiinga til resolusjonane.

1894 Pave Leo XIII oppmuntrar til å holde ein bønneoktav (8 dagar) for kristen einskap i samanheng med pinse.

1908 Presten Paul Wattson byrjar å holde ein bønneoktav for kristen einskap.

1926 Faith and Order rørsla tar til å gi ut “Forslag til ein bønneoktav for kristen einskap.

1935 Abbed Paul Couturier frå Frankrike gjør seg til talsmann for “Ei verdsomfattande bøneveke for kristen einskap” på inkluderande basis med bøn for “den einskap som Kristus vil ha med de middel som han vil nytte”.

1958 Unité Chretienne (Lyon i Frankrike) og kommisjonen for Faith and Order i Verdskyrkjerådet tak til å samarbeide om førebuing av materiale til Bøneveka.

1964 I Jerusalem bad pave Paul VI saman med patriark Athenagoras Jesu bøn “at dei alle må vera eitt” (Joh 17).

1964 Dekretet om Økumenikk frå det 2. Vatikankonsilet strekar under at bøn er sjela i den økumeniske rørsla, og oppmuntrar til å halde Bøneveka for

kristen einskap.

1966 Kommisjonen for Faith and Order i Verdskyrkjerådet og Sekretariatet til fremme av kristen einskap (nå kjent som Det pavelige råd til fremme av kristen einskap) startar offisielt med felles førebuing av materiale til Bøneveka.

1968 Første gang materialet vart førebudd i fellesskap av Faith and Order og Sekretariatet til fremme av kristen einskap blir offisielt nytta til Bøneveka.

1975 Første gang materiale som byggjer på utkast frå ei lokal økumenisk gruppe, vert nytta i Bøneveka

1994 Teksta for 1996 blei førebudd i samarbeid med KFUK og KFUM

2004 Semje oppnådd om at materialet for Bøneveka i framtida skal publiserast i fellesskap og produserast i same format av Faith and Order (VK) og Sekretariatet til fremme av kristen einskap (Den Katolske kyrkje).

2008 Minne om 100 år med Bøneveka for kristen einskap. (Forløparen, Oktaven for kyrkjeieinskap, vart halden første gongen i 1908)